



Notat knytt til skuleskyss – nytt busstopp i Njøten

Skuleskyss er regulert i Opplæringslova § 7-1, del 1:

"Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda."

I Njøta har søkjar ønskje om å flytte snuplassen for skulebussen til ca 250 meter nærare eigen bustad. Der er eit vegkryss med postkasseskur som søkjar meiner er høveleg som snuplass for ein mindre buss. Det vil ca. halvere gangavstanden som deira 1. klassing har frå heimen til noverande snuplass for skulebussen. Vegen frå denne staden er 243 meter til inngangsdøra.

I kommunen sitt avslag på søknden, datert 14.11.2014, vert det slege fast at snuplassen der postkasseskuret står, ikkje er eigna til til snuplass for buss.

Søkjar peikar på i si klage på avslaget, datert 20.11.2014, at den minibussen som vert brukt til denne skuleskyssen i dag kan snu ved postkasseskuret utan vanskar, og at dette av og til vert gjort når veret er dårleg.

Ut frå lovkravet, når det gjeld avstand, er barnet sin gangveg innafor dei to km som er maksgrense for skuleveg til eit barn som går i første årstrinn. I Opl §7-1 del 1, siste ledd vert det peika på at dersom vegen er farleg eller vanskeleg, kan barnet likevel ha rett til gratis skyss.

Ut frå dei opplysningane kommunen har etter synfaring på staden 18.01.2016, er gangvegen totalt på 493 meter. Det er ikkje veglys på strekningen, og ikkje venteskur der bussen snur no. Dette bør vurderast opp mot Opl §7-1 del 1, siste ledd, når klagen vert handsama.

Torleiv Frotjold
Kommunalsjef for oppvekst